

Årsmelding HELSE (Kultur og levekår)

Kommuneplanen sin tekstdel – om helseavdelinga:

Folkehelse

Overordna mål for helseavdelinga:

- Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga
- Kommunen skal motivere til og legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv både for innbyggjarane og for tilsette

skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.

Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande.

Helse i plan

Det skal takast omsyn til helse i all planlegging. Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

Behandling og rehabilitering

Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering.

Førebygging

Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.

Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge



Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og frávær 2014 (%)

TOTALT FRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Gj.snitt - helseavdelinga	2,9 %	4,2 %	4,1 %	7,4 %

KORTTIDSFRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Gj.snitt - helseavdelinga	1,1 %	1,0 %	1,4 %	0,8 %

Har 25,6 heimlar og i tillegg ansvar for 8311 Miljøretta helsevern Hallingdal 1,0stilling og Gol kommune kjøper tenester av desse.

Fordeling – regnskapsartar heile 1.000kr

Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)			
	R 2013	Just B 2014	R 2014
Sum driftsutgifter	35 475	35 268	37 496
Sum driftsinntekter	-9 013	-9 568	-12 300
Netto finansutg.	-198	-	916
NETTOUTG.	26 264	25 700	26 112

Fordeling – nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr):

Fordeling - nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr)				
Ansvar	Ansvarsbegrep	R 2013	Just B 2014	R 2014
3200	Helseadministrasjon	5 752	6 341	5 839
3210	Friskliv	621	752	755
3211	Helsestasjon	1 966	2 346	2 224
3212	Psykisk helseteneste	5 726	5 431	5 975
3213	Krisesenteret	1 021	980	982
3220	Kommunelegeteneste	6 103	5 078	5 491
3321	Fysio-/ergoterapiteneste	2 005	2 009	1 941
3222	Legevakt	1 393	1 377	1 668
3223	Jordmor	923	806	641
3224	Koordinerende teneste	629	658	642
3340	Edruskapsvern	-36	-97	-54
8311	Miljøretta helsevern	149	19	-
		26 252	25 700	26 104

Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråver (alle tal i heile 1.000 kr):

Utvikling av løn korrigert for refusjonar sjukefråver (heile 1.000 kr)						
	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Helseavdelinga	15 971	16 884	18 159	18 678	20 822	21 053

Avvik – nærvær og regnskap:

Nærvær:

- 2 fagområder har hatt sjukemeldte på grunn av diverse omstende og leiinga har oversikt eller kjenner til årsak til fråværet 7,4 %



Rekneskap:

Avvik reknskap

Samla har helseavdelinga underskot med kr. 400 000

- **3200** Helseadministrasjon.
- **3210** Friskliv.
- **3211** Helsestasjon.
- **3212** Psykisk helseteneste. Innleige av arbeidskraft i samband med sjukemelding var nødvendig. Uførutsette tiltak for brukarar med særskilde behov.
- **3213** Krisesenteret
- **3220** Legetenesta. Reduserte inntening og færre konsultasjonar. 3 leger i spesialisering og dermed mindre nærvær. Post for medisinsk utstyr og medisinar er underbudsjettet med kr. 100 000.-. Betale attende til Helfo for gjesteinnbyggarar og legehjelp i utlandet. Journal-program som måtte skiftast ut 76 000.-. Har ikkje krav for prøvetaking i institusjon med konsekvens redusert inntening, men med mindre utgifter i institusjonen.
- **3221** Fysio- og ergoterapitenesta. Må betale attende til Helfo for golingar som brukar fysioterapiteneste i utlandet.
- **3222** Legevakt. Utgiftene til legevaktsentralen vart meir enn planlagt for 2014.
- **3223** Jordmortenesta.
- **8311** Miljøretta helsevern 156 000,-var ikkje budsjettet for 2014.

Mål og måloppnåing 2014 for detaljar, sjå årsmeldinga frå Helseavdelinga

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik/kommentarar:
Legetenesta Ei befolkning som tek vare på eiga helse, førebyggjer sjukdom og skadar og er trygge på å få hjelp når det er nødvendig	Kort ventetid, stabil legedekning, NOKlus – godkjent lab, 3 leger under spesialisering, nytt journalsystem, utbytting av utstyr	Grøn	Ultralydapparat gitt som gåve frå Handikaplaget
	Kommuneoverlege med avsett tid til samfunnsmedisin. Oppdatert beredskapsplan. Betre tenester med auka i stilling. Betre tilkomst til legekantoret. Plan for legeteneste. Brukarundersøking. Avtale Gol og Hemsedal. Medarbeidar kveld. Leasingbil. Diabetessjukepleier	Rød	Tilsett kommuneoverlege flytta. Manglande ressursar og kapasitet.
Helsestasjon Helsefremmande oppvekst og livsstil	Auka medvèt og kompetanse om rus i svangerskap og barseltid, følgje opp av barn/familiar med særskilde behov, korte ventetid for elevar i skolen som treng individuell samtale i forhold til psykisk helse. Fokus på inaktive barn og unge. Samarbeid med Barnevernstenesta. Brukarundersøking	Grøn	
	Betre lokale for helsesøster og psykiatrisk sjukepleier på ungdomsskole og vgs, betre tolketeneste, redusere ventetid på fysioterapi ved henvisning av barn, kvalitetssikre fagsystem IKT. Tilbod om skolehelseteneste på vidaregåande. Foreldreveiledning/styrking av	gul	Lovpålagt tilbod finansierast med prosjektmidlar. Store behov og ikkje nok kapasitet

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik/kommentarar:
	foreldrerollen		
	Betre lokaliteter på barneskulane,. Oppfølging minoritetshelse. Bruk av kartleggingsverktøyet EPDS. Veiledning av tilsette.		
Helsetasjon for ungdom HFU Ungdom som tek vare på eiga helse	Innsats på førebyggjande arbeid: I den framandkulturelle befolkninga i samarbeid med Læringssenteret: Kjønnslemlesting, Tvangsgifting, Prevensjon og seksuell helse, kvinnehelse og barneoppdragelse. På vidaregåande skole: Haldningskampanje: arbeid med grensesetting, halding til eigen seksuell helse, førebygge festrelatert overgrep Tilbod til fleirkulturell ungdom med fokus på kjønnslemlesting og tvangsgifting samt haldningar til seksualitet		Finansiert med prosjektmidlar: Førebygging av uønskt graviditet og abort
Psykisk helseteneste Gode liv i eit inkluderande samfunn	Forskningsprosjekt «Senk stress i familien» med mindfulness i foreldrerollen. Zippy opplæring og oppstart i 2.kl. Kjærlighet og grenser Lågterskeltilbod, faste tverrfaglege møter, faste brukarmøter, skolehelseteneste, Ungdomslos prosjekt, KS prosjekt – betre pasientforløp		Undervisningsprogram i skolen både 2. og 8.kl Ingen ventetid
	Bustader for vanskelegstilte og brukarar utan bu evne, - med og utan bemanning Plan for psykisk helse PREP kurs Brukarplan Handlingsrom for rusomsorg el. miljøarbeiderteneste Gerica opplæring og superbrukarar Praktisk bistand? Versus miljøarbeidarteneste Implementere ruspolitisk handlingsplan Eigna kontorplass for psykisk helse,- og ein stad og vera for brukarane Aktivfritid - støttekontakt		Er awentande til avgjersler om eksisterande bustader som kommunen eig. Krev finansiering Sjå det i samanheng med andre planer som vold i nære relasjonar. Trequ også anna fokus enn berre på alkoholpolitiske retningslinjer med stengt tid og utsett næring
Friskliv Ei befolkning med gode levevaner som tek helsemessige gode val	Samarbeid med legane, diabetessjukepleier, NAV, Fretex og Vinn om frisklivsresepten. Aktiv bedrift, helsefremmande arbeidsplass. Informasjon og opplysning Planlegging av prosjekt mot overvekt under svangerskap hos gravide, samt oppfølging. Tidligare oppstart av frisklivsresepten i samarbeid med Nav. Holde «BraMat» og «røykslutt» kurs ved sentralen Inaktive barn/ungdom henvist Sikre dokumentasjon og avklare bruk av journalssystem Gerica eller ProMed.		Har hatt 62 helsesamtaler. To kampanjer i Aktiv bedrift. Velferdskveld. Barseltreningsgrupper i samarbeid med jordmor. Samarbeidsavtale med NAV om tidlig oppstart. FriskUngAktiv: felles gruppetreningar for barn og ungdommer i 4-10 klassetrinn. 2 treningar i uka Har tatt i bruk ProMed som journalsystem
	Bruk av aktivitetstaktar opp mot brukarane av friskliv		Avklare med omsorgsavdelinga bruk av støttekontaktmidlar

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik/kommentarar:
<p>Fysio- og ergoterapiteneste</p> <p>God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel-skjelettlidingar og funksjons-hemmingar</p>	<p>Prioritering av rehabilitering og hjelpemiddelformidling. Meistring av ofte korte fristar på tilrettelegging med hjelpemiddel ved utskriving frå sjukehus</p> <p>Kort ventetid ved behov for oppfølging av born 0-6 år med funksjonshemming Ventetid ved akutte tilstandar, skadar og operasjonar, har vore 1-4 dagar.</p> <p>Tilrettelegging av bustad og formidling av tekniske hjelpemiddel</p> <p>Treningsgruppe med fysioterapeut i svømmehallen</p> <p>Bassengtrening Elverhøy med instruktør</p> <p>Kompetanseutvikling</p>	<p style="background-color: green; color: white; text-align: center;">Nådd</p>	<p>Kommunal: tal på pasientar/brukarar : 212 Med driftstilskot, tal på pasientar: 524. Pas. frå andre kommunar 20 %. Fysioterapeutar arbeider meir enn driftstilskotet tilseier. Arbeidd 880 timar meir enn samla driftstilskot. (tilsvarar 50 % stilling) Hjelpemiddelformidling: 381 aktive brukarar av Hjelpemiddelsentralen. 114 brukarar har fått utlevert 564 hjelpemiddel til ein samla verdi av ca 2,3 mill kroner. 10 personar har deltatt høsten 2014 35 personar har deltatt i grupper i varmtvannsbassenget Ultralyddiagnostikk muskel-skjelettlidingar. Etisk kompetanseheving. Elektronisk individuell plan.</p>
<p>Jordmor</p> <p>Friske mødrer, barn og fødande som får den tenesta dei har krav på når dei treng den</p>	<p>Oppfølging av born 6-16 med funksjonshemming</p> <p>Redusert ventetid for personar med belastningslidelsar, kroniske tilstandar og varige funksjonshemmingar Bidra til kortare sjukemelding eller at ein unngår sjukemelding.</p> <p>Oppfølging og rehabilitering for vaksne og eldre med samansette funksjonsvanskar Tilbod om fallforebyggjande trening.</p>	<p style="background-color: red; color: white; text-align: center;">Ikke nådd</p>	<p>Auke i talet på born med behov for tett oppfølging. Prioritet av pasientar med akutte tilstandar med lengre ventetid for andre 2 veker til 5 md. Meir ressursar til fysio- og ergoterapi i rehabilitering kunne ha spart den enkelte for liding og kommunen for utgifter til helse- og omsorgstenester. For liten kapasitet.</p>
<p>Koordinerande eining (KE)</p> <p>Sikre heilskapleg tilbod til pasientar</p>	<p>Individuell svangerskapsomsorg Fokus på psykisk helse, livsstil, rus og vold i nære relasjonar. Tidleg barselbesøk 1. til 3.dag etter heimkomst</p> <p>Auke frå 30 % til 50% på grunn av krav til tenesta og endring i beredskap og følgjeteneste.</p> <p>Nok jordmødrer til lovleg turnus</p>	<p style="background-color: green; color: white; text-align: center;">Nådd</p>	<p>Er under utdanning i psykoterapi for gravide. Nytt liv og trygg barselomsorg</p> <p>Må være 4 jordmødrer i vaktturnus. Bør bruke overføring frå Vestre Viken til å finansiere auke i stillinga. For lange vakter med dispensasjon frå lowerket.</p> <p>Det er halde 7 arbeidsmøter. Det er behandla 7 henvendelser om</p>

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik/kommentarar:
og brukarar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering.	KE nettverk Hallingdal Strategi og samarbeid med alle KE i Hallingdal om vidaregåande skole Ål og Gol		oppretting av koordinator, ansvarsgruppe og Individuell plan
Gerica systemansvarlig Meldingsutveksling og samhandling i helsesektoren skjer elektronisk.	Betre nytten av rapportering og kvalitetssikring Etablere rutinar og sikker kommunikasjon ved elektronisk samhandling mellom aktørane Elektronisk meldingsutveksling – etablere system for samhandling, sikre kommunikasjon og sikre pasientbehandling og pasientoppfølging		Det er innført elektronisk meldingsutveksling med sjukehus i Vestre Viken. Innført elektronisk meldingsutveksling med Gol legekontor. Gjennomført forprosjektet til Mobile enheter i heimetenensten. Ikkje etablert elektronisk meldingsutveksling med privat praktiserende lege
Miljøretta helsevern	Auke med 60% stilling Tilsyn kommunale planprosesser		Alle samarbeidande kommunar må vere samde
Medarbeiderundersøking	Psyko-sosial kartlegging annakvart år. (Bestilling av UKL ny undersøking 2014)		Kapasitet. Klarar ikkje brukarundersøking og medarbeidarundersøking same år.
Sette organisasjonen i stand til å møte Samhandlingsreformen	Koordinering av avtalene Vestre-viken Samhandling i kommunen Bidra i hovudprosjektet: Lokal medisinske tenester		Erfaringar med evaluering og reviderte avtaler. Rutinar inn- og utskrivning og samarbeid med helseforetaket.
Kompetanseheving	Auke kvaliteten i tenesta gjennom etisk refleksjon Helseleing Opplæring i bruk av KS sine Styringsverktøy Utdanning i Helse og omsorg i Plan		Etisk kompetanseheving 2 av leiaraneer under utdanning i helseleing og 6 frå omsorgsavd 2 i helseavd. har tatt denne utdanninga
Tannhelse	Sikre tilgang tannhelseteneste i samarbeid med fylkeskommunen		
Helsefremmande arbeidsplass	Arbeidsmiljøtiltak for heile organisasjonen		
Medfinansiering	Betre innsikt i kva r ressursane blir brukt.		
Kommunen sitt krisesentertilbod	Bidra til eit godt tilbod		Kvinner: 13- 326 døgn Menn: 1-25 døgn Barn: 23- 817 døgn Totalt: 1168 døgn i 2014
Sorg og kriseteam	Oppretthalde beredskap med faste møter. Oppfølging. Nettverksarbeid med andre kommunar og regionar		Hatt 4 planlagde møter. Har blitt utkalla til 6 hendingar i 2014.
Brukarundersøking	Sikre brukarmedverknad Helsestasjon		Dessverre liten svarprosent 32 % , - 48 svar av 150 ønska. Resultatet er som landet og som viser at brukarane er fornøgde

Mål og tiltak 2015:

Generelt er det vanskeleg å måle i prosent effekt og nytte i verdibasert tenester som helseavdelinga utfører. Måleindikatorar kan vera brukarundersøking, medarbeidartilfredsheit, pårørande-tilfredsheit, avvik og økonomi. Helseavdelinga er medveten om denne utfordringa og tek omsyn til det i utforminga av målsettinga i dei forskjellige fagavdelingane.

Personal

Sikre nødvendig drift i alle fagavdelingane. Konsekvensar av redusert drift er tydeleg med innsparingstiltak gjort i budsjetthandsaming.

Organisasjon

Samhandle med omsorgsavdelinga institusjon og heimetenestene, Avklare ansvar og oppgåver, definere gråsonene, delta i tildelingsteamet, betre i saksbehandling.

Kompetanse

- Utarbeide kompetanseplan og rekrutteringsplan for alle fagområda i helseavdelinga motivere til hospitering i og frå føretak, etablere gode praksisplassar, praktisere etisk refleksjon
- Betre saksbehandling, sikre at det er vedtak på alle som har behov for tenester utover 14 dagar.

Teneste/aktivitet

- **Helse- og omsorgsplan 2014-2025.** Arbeide fram helse- og omsorgsplan som eit styrande dokument. Ny politisk bestilling å sjå på organisering av tenestene med kommunalsjef
- **Legetenesta** - Styrke allmennlegetenesta og kommuneoverlegefunksjonen og betre individretta førebyggjande arbeid
- **Folkehelse** – koordinering av tverrsektorielt folkehelsearbeid
- **Habilitering og rehabilitering** – sikre at Koordinerande eining er synleg og godt forankra i organisasjonen og uake bruk av individuell plan, gjennomføre brukarundersøking i fysioterapitenesta
- **Psykisk helse og rus** – styrke kapasitet og kompetanse innan rusarbeid og psykisk helsearbeid, betre butilbod for brukarar med særskilde behov, betre samhandling mellom aktørar med fokus på brukar. Tenesta treng større lokaler
- **Helsestasjonstenesta med jordmortenesta** - vera eit lågterskel-tilbod med kort ventetid med fokus på tverrfagleg samarbeid til beste for gravide, barn og unge og førebygging innan psykisk helse og rus. Ha større fokus på dei framankulturelle
- **Gerica** – betre nytten til løpande rapportering og kvalitetssikring, etablere rutiner og sikker kommunikasjon ved elektroniske samhandling for å betre pasientbehandling og oppfølging
- **Elektronisk meldingsutveksling** - etablere system for samhandling, sikre pasientbehandling og pasientoppfølging .

Utfordringar 2015 sjå detaljert årsmelding frå Helseavdelinga

Helseavdelinga har ein del tenester som ein ikkje kan innverke på omfanget av. Dette gjeld m.a. refusjon til Helfo for tenester utanfor kommunen og i EØS-land, gjeld lege-, fysioterapi- og jordmortenester, Norsk pasientskadeerstatning, Mammografibussen, Valdtekstmottak Drammen kommune, Incestsenter Bris, edruskap, Hallingdal krisesenter og SLT-koordinator.

- **Samhandlingsreformen**
Tidleg utskrivning av pasientar med behov for oppfølging, rehabilitering og hjelpemiddel. Pasientane er utskrivne sjukare enn før og viktig å sikre fagleg forsvarleg teneste. Følgje opp re- innleggingar. Tidleg utskrivning av barselkvinner og nyfødde krev ny kompetanse og ressursar
- **Elektronisk meldingsutveksling**
Helsestasjonen må koplas til Helsenet, privatpraktiserande lege må få støtte til nødvendig utstyr for å nytte Helsenet, etablere rutinar, sikre kvalitet og auke nytten av elektronisk meldingsutveksling
- **Gerica og KE**
Vurdere å ta i bruk modulen Vederlagsberegning for langtidssopphold for å redusere manuelt arbeid og fare for feil. Innføring av mobile enheter, er krevjande teknisk, administrativt og økonomisk. Samarbeid med KE i Vestre Viken
- **Nytt legevaktsnummer 116117**
Ha beredskap ved innføring og overgang
- **NØDNETT**
Analysere driftskostnader og vera budd på omprioriteringar. Legetenesta først med og seinare heimetenesta og jordmortenesta
- **Nettbasert timebestilling**
Førebu og innføre nettbasert timebestilling på legekantoret
- **Betre kvalitet** ved å nytte kvalitetsplattformen og avviksmelding som verktøy
- **Folkehelsearbeid**
Forankre folkehelsearbeidet administrativt og politisk i Gol kommune, folkehelsearbeidet må bli basert på lokale folkehelseutfordringar. Mål og strategiar skal forankrast i planprosessar etter plan og bygningsloven
- **Helsestasjons- og skolehelsetenesta**
Er underbenanna og nokre lovpålagte oppgåver blir ikkje utført. Auke i rammetilskotet for styrking av helsestasjonen og skolehelsetenesta vart ikkje godskrive helsetenesta sitt budsjett
- **Jordmorteneste**
Avtalen om Beredskap og følgjeteneste som kommunane i Hallingdal har underskrive med Vestre Viken HF skal revurderast igjen 4. kvartal 2015. Det er viktig at det blir sett på alternativ til framtidig varige løysningar som er fagleg kvalitetssikra og føreseielege både for gravide, fødande og barselkvinner. Og med tanke på behalde og rekruttere jordmødrer til stillingane. Vaktfordelinga mellom kommunane i nedre Hallingdal vart endra pga. avstanden til Ringerike sjukehus vart mindre og Flå ikkje lengre er med i vaktordninga. No har Gol kommune ansvar for 50 % av beredskapen i nedre Hallingdal. Det må arbeidast med å få til lovleg turnus og inntil vidare blir det søkt om dispensasjon frå arbeidstilsynet. Implementere arbeidet mot «Vold i nære relasjonar» inn i svangerskapsomsorgen.
- **Psykisk helseteneste**
Kapasitetsutfordring å følgje tett nok opp menneske som ikkje har bu evne og er sjuke. Burde hatt miljøarbeider som kan fange opp ungdom tidlegare – barnekoordinator/oppvekstkoordinator
Rusavhengige som er for sjuke til behandling, men for friske til omsorgstilbod. Manglar bustader for brukarar med særskilde behov. Fleire unge som treng oppfølging i sårbare familier
- **Friskliv**
Styrke FriskUngAktiv. Få til eit fast ikkje konkurrerande fysisk aktivitetstilbod til alle barn-/unge som slit med overvekt-/fedme og inaktivitet. Styrke Fysioterapitenesta opp mot frisklivssentralen, betre moglegheitene til fysisk aktivitet for alle.
- **Fysio og ergoterapitenesta** er underbemanna og fører til lang ventetid for fleire grupper. Svært negativt for pasientane og for kommunen fordi raskare tilgang på behandling hos fysioterapeut ofte fører til kortare

sjukemeldingsperiode eller at ein unngår sjukemelding. Innføring av kvardagrehabilitering i samarbeid med heimetenestene. Kompetanseutvikling og planlegging for tverrfagleg samarbeid. Aukande behov for kartlegging og tilrettelegging for personar med demens.

Effektiviseringsaukande samarbeid – innspel:

- Sikre trygg jordmorteneste med auke stilling frå 30 til 50 %. Kan finansierast med overføringar frå Vestre Viken HF. Må innarbeidas i budsjettet 2016.
- Som eit ledd i Samhandlingsreformens folkehelsesatsing, vart det gjennom statsbudsjettet for 2014 løyvd 180 millionar til styrking av helsestasjons – og skolehelsetenesta. Pengane vart fordelt på kvar enkelt kommune etter tal på barn 0-19 år i kommunen med ein minimumssum på 100.000, men vart ikkje øyremarka eller knytt til ein bemanningsnorm. Det er ingen rapporteringsplikt i forhold til korleis midla blir nytta i kommunane. For 2015 er det løyvd ytterlegare 200 millionar over Statsbudsjettet til same formål.

Desse midla har ikkje komme helsestasjonen eller helseavdelinga til gode.

- Må ta inn over oss utfordringane med 15,6% framandkulturell befolkning i Gol. Store utfordringar i jordmortenesta, helsestasjonen og legetenesta, og ringverknader i samfunnet elles med store kulturforskjellar.
- Diabetesomsorg. Det har vore eit felles prosjekt for diabetesarbeid i Hallingdal med gruppeundervisning for pasientar med diabetes og med nyoppdaga diabetes. Dette har vore bra og nyttig for dei det har passa for, men det kan ikkje erstatte diabetessjukepleiars arbeid og pasientkonsultasjonar på legekontoret. Behovet for ein dag i veka med undervisning, oppfølging og veiledning er stort. Framandkulturelle utgjør ein stor del av denne målgruppa. Her kan vi førebygge mykje komplikasjonar og behov for omsorgstenester.
- Vera med å legge til rette for meir fysisk aktivitet for alle i Gol kommune. UU-løyper, aktivitetsområdet og lågterskeltilbod for alle. Betre tilgjenge og utvide opningstider til offentlige idrettsanlegg, symje hall, gratis svømmehall i feriane, osv.